

Øystre Slidre kommune

2940 Heggenes

FINANSDEPARTEMENTET

28. SEP. 2004

Saksnr. 04, 1847-162
Arkivnr.

Sak nr. 0084/04

SVAR PÅ HØYRING -SKATTEOPPKREVERUTVALET SIN INNSTILLING NOU 2004:12

Ark.: 203 &13

Arkivsaksnr.: 04/01028

Styre / råd / utval	Møtedato	Saknr.
Formannskapet	23.09.2004	0084/04

Saksbehandler: Ole Martin Alfstad

Utskrift til: Finansdepartement postboks 8008 dep 030 OSLO
Kommunekassa

Vedlegg: Uttale frå Kommunenes Sentralforbund

Bakgrunn for saka

Finansdepartementet oppnemnte 26.mai 2003 eitt utval som skulle foreslå tiltak til forbetringar samt foreslå evt. endringer i organisering vedr. skatteoppkreverfunksjonen. Dette utvalet la fram sin innstilling til høyring 12.mai 2004 – NOU 2004:12. Ein viktig bakgrunn for utgreiinga var eitt ynskje frå departementet om å statleggjere skatteoppkrevinga i Norge.

Saksopplysningar

I samband med dette er det verd å minne om at Stortinget relativt nyleg ved to høver har vurdert dette spørsmålet. Og begge gongene konkludert med at skatteinnkrevinga fortsatt skal ligge til kommunesektoren. Ref. til S.prp. nr. 44 i 1994 og St.prp. nr. 4 i 1996.

I Norge er det fellesinnkreving av skatt og arbeidsgiveravgift. Desse inntektene blir fordelt mellom staten, fylkeskommunen, kommunen og folketrygda. Skatteinnkrevingen blir utført av kommunalt tilsette skatteoppkrevere som også utfører skatterekneskap og har ansvar for trekk-kontroll av arbeidsgjevarane.

Utgreiinga frå skatteoppkreverutvalet er inndelt i to deler :

- ✓ eine delen er knytt til sjølve organiseringa
- ✓ og den andre delen er knytt til tiltak som kan forbetre ordningen.

Det er stor semje i utvalet omkring tiltak vedr forbetringar , medan det er usemje om organisering. Fleirtalsinnstillinga frå skatteoppkreverutvalet ser ein statleg overtaking av skatteoppkreverfunksjonen som det mest riktige.

Utvalet har ikkje i take stilling til organisering i detalj , men ser for seg tvangsinnkrevings-sentraler i regioner (eksempel 5 kontorer i landet) og at frivillige innbetalinger og arbeidet med skatterekneskapen blir gjennomført ved likningskontorene. Dette gjer at heile ordningen blir borte frå kommunene og etter kvart borte frå vårt distrikt.

KS har handsama saka og kome til følgjande slutning :

1. " *KS mener skatteinnfordringen fortsatt må være en kommunal eller fellskommunal oppgave. Erfaringer vi har med skatteinnkreving som en kommunal oppgave er svært positive. Blant annet av hensyn til innbyggerenes sikkerhet, skatteinnkrevings brukervennlighet, ivaretagelse av lokaldemokratiet gjennom folkevalgt innsyn og kontroll og ikke minst en god løsningsgraden for inndrivelse av skattekrav , gjør at KS mener at skatteinnkrevingen fortsatt må være en kommunal oppgave.*
2. *Kvaliteten på skatteinnkrevingen i Norge er meget god. KS mener det finnes flere forbedringsmuligheter som kan ytterligere forbedre skatteinnkrevingen i Norge. De kan gjennomføres innenfor rammen av fortsatt kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevingen. "*

Vurdering

For kommunene er dette med organisering det mest viktige i denne saka og tiltak til forbetringane kan bli gjennomført uavhengig av organisasjonsform.

Frå kommunene i-sin side taler argumentene for fortsatt kommunal skatteinnfordring-

- ✓ Kommunen har betre innsyn og kontroll med viktig del av inntekssida ved at ein har skatteoppkrevingsfunksjonen i kommunene.
- ✓ Skatteinnkrevinga i Norge fungerer svært godt. Kommunale skatteoppkrevere klarer å kreve inn mellom 99% og 100% av all utlikna skatt. Små kommuner har like gode innkrevingsresultater som store kommuner. Dette kjem at det er god kommunikasjon med skatteytarane i små-kommunene og god lokalkunnskap.
- ✓ Det er dokumentert at kommunale skatteoppkreverkontor utøver god brukerservice. Dette kjem fram i landsomfattande undersøkingar blant anna gjennomført av Norsk Gallup i 2002.
- ✓ Kommunalt ansvar for skatteoppkreving har vist seg å vera effektiv og rimeleg idet ein kan samordne kompetansen med arbeidet med innfordringa av kommunale krav.
- ✓ Statleg skatteoppkreving vil bidra til sterkt sentralisering av arbeidsplassar og skape større avstand og svekke tilgangen til offentlege tenester.
- ✓ Statleggjering vil bidra til store overgangskostnader

Rådmannen følger Kommunal Sentralforbund sin utgreiing og syn i denne saka og vil gå inn for at skatteoppkrevinga fortsatt skal vera ein kommunal oppgåve.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet med slikt forslag til vedtak:

Formannskapet meiner skatteinnkreving fortsatt må vera ein kommunal oppgåve.


Behandling i Formannskapet

Formannskapet vedtek forslaget samrøystes.

VEDTAK:

Formannskapet meiner skatteinnkreving fortsatt må vera ein kommunal oppgåve.

Rett møtebok:



Øystre Slidre kommune

h.m.B.T. Mør

